



Inntaksreglement for Vestborg vidaregåande skule

Vestborg vidaregåande skule er ein friskule med godkjenning etter [Lov om private skolar med rett til statstilskot \(privatskulelova\)](#). Dette inntaksreglementet har difor utgangspunkt i det privatskulelova seier om inntak av elevar jamfør [privatskulelova § 3-1](#).

1. Generelt om inntak

Som friskule har Vestborg heile landet som inntaksområde, og skulen er open for alle søkjarar som fyller vilkåra for inntak i tilsvarande offentlege skolar jamfør [privatskulelova § 3-1, første ledd](#) og som har rett til vidaregåande opplæring jamfør [opplæringslova § 3-1](#).

Inntaket skjer ved ei inntaksnemd som består av rektor, inspektør I og inspektør II.

2. Søknad

a) Søknadsskjema

Søknaden skal registrerast på [vigo.no](#). Vitnemål/karakterutskrifter o.l. som skal leggjast til grunn ved inntaket skal sendast skulen når ein søker eller bli ettersendt når dei føreligg.

Søknad etter søknadsfrist skal registrerast på [vestborg.no](#). Vitnemål/karakterutskrifter o.l. som skal leggjast til grunn ved inntaket skal sendast skulen når ein søker, eller bli ettersendt når dei føreligg.

b) Søknadsfrist

Søknadsfrist for ordinært opptak er 1. mars eller samtidig med dei fylkeskommunale fristane. Etter denne fristen handsamar skulen søknader fortløpande dersom det er ledige plassar. Søknadsfrist for inntak på særskilt grunnlag er 1. februar.

c) Delkurselev

Søkjarar kan bli tekne opp som delkurselevar dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag og dersom det er plass på kurset.

d) Dokumentasjon

Søkjarar til vidaregåande trinn 1 (Vg1):

Søkjaren må dokumentere gjennomgått 10-årig grunnskole eller tilsvarande. Opptak kan skje på grunnlag av karakterar frå 1. halvår, men skulen tek atterhald om at karakterane ikkje går vesentleg ned etter 1. halvår. Kopi av vitnemål skal ettersendast.

Søkjarar til vidaregåande trinn 2 og 3 (Vg2 og Vg3):

Søkjaren må leggje fram kompetansebevis/stadfesting på at nødvendige programområde er fullført. Inntaket kan bli gjort på grunnlag av karakterane i 1. halvår. Skulen tek atterhald om at det endelege karakterutskrifta/kompetansebeviset viser bestått. I tillegg kan ein søker som i Vg1 eller Vg2 ikkje har bestått eitt eller to fag likevel takast inn som elev dersom det etter intern vurdering på skulen er dokumentert at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som er nødvendig for å følgje undervisninga.

3. Prioritering av søkjarar ved eventuell oversøkning

Dersom skulen har fleire søkjarar enn det skulen har plassar eller kapasitet til å ta inn, vil følgjande prioritering bli lagt til grunn for inntaket:

a) Inntak på anna grunnlag

Skulen disponerer inntil to elevplassar per klasse til søkjarar som ikkje kan konkurrere om elevplass etter vanlege kriterium og som har rett til spesialundervisning jamfør [opplæringslova § 5-1](#).

b) Elevar som går på Vestborg

Ved inntak til Vg2 og Vg3 blir eigne elevar som søker seg vidare til påfølgjande kurs/programområde gjeve tilleggs poeng, dersom dei oppfyller desse vilkåra:

- i) Dei har karakteren 2 eller betre i alle fag, og minimum 35 karakterpoeng.
- ii) Dei har ikkje nedsett karakter i orden eller åtferd.

- Elevar som går på Vestborg når dei søker Vg2 får då 4 tilleggs poeng ved inntak til Vg2.
- Elevar som går på Vestborg når dei søker Vg3 får då 4 tilleggs poeng ved inntak til Vg3.

Eigne elevar som ikkje oppfyller krav til prioritering på grunnlag av karakterar i første halvår kan seinare bli prioritert på grunnlag av karakterar for andre halvår, men det blir ikkje halde av plassar til desse i opptak før fastsetting av karakterar for andre halvår.

c) Born av misjonærar i aktiv teneste

Born av misjonærar i aktiv teneste får 4 tilleggs poeng.

d) Karakterar i orden og åtferd

Nedsett karakter i orden og/eller åtferd kan føre til at ein elev ikkje blir teken opp dersom det er oversøkning.

e) Karakterar og poengutrekning

Utanom punkt 3 a til d over, blir søkjarane ved oversøkning prioritert ut frå karakterpoeng frå siste aktuelle karakterdokument jamfør "Dokumentasjon" ovanfor.

Karakterpoeng blir rekna ut etter same prinsipp som i offentlig skule jfr. [Forskrift til opplæringslova § 6-15 a og b](#).

4. Unntak frå prioriteringsrekkefølga

Skulen kan avvise ein kvalifisert søkjar til vidaregåande trinn når søkjaren tidlegare skuleår har vist manglande evne eller vilje til å betale skulepengar.

5. Klageinstans

Vedtak om inntak er å rekne som enkeltvedtak etter [Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\) § 2](#). Søkjar kan klage vedtaket til fylkesmannen.